

Skeivt arkiv

Strategi 2018–2022

Skeivt arkiv ved Universitetsbiblioteket i Bergen er det norske dokumentasjonssenteret for skeiv historie, og har som oppgave og mål å dokumentera og formidla denne historia i vid forstand.

Skeivt arkiv *dokumenter* historia gjennom innsamling og bevaring av arkiv, bøker og tidsskrift, livsminne og gjenstandar.

Skeivt arkiv *formidlar* denne historie gjennom nettsidene, sosiale medium, foredrag, mediebidrag, tilrettelegging for forskning, utstillingar og undervisningsopplegg.

Skeivt arkiv er ein *ressurs* for andre institusjonar som arbeider med formidling av historie, som arkiv og museum. Skeivt arkiv er særleg viktig som forskingsstøtte for studentar og forskarar ved Universitetet i Bergen og andre norske universitet og høgskular.

Skeivt arkiv bidrar og til å oppfylle *dei strategiske måla for Universitetet i Bergen* i perioden fram til 2022, særleg når det gjeld å bygga relasjonar med kultur- og samfunnsliv og med omsyn til god formidling og dialog med omverda. Skeivt arkiv bidrar òg til å oppfylle *Universitetsbiblioteket si rolle* som infrastruktur for forskning og studiar, så vel som det breiare samfunnsansvaret til biblioteket om å gjera informasjon tilgjengeleg for allmenta. Skeivt arkiv bidrar også til å oppfylle UiBs mål om å fremja likestilling og mangfald.

Strategiske målområde 2018–2022:

Arkiv og samlingar – innsamling og bevaring

Skeivt arkiv skal som depotinstitusjon bidra til at arkiv frå dette feltet blir godt og solid bevart i Noreg. For å oppnå dette skal Skeivt arkiv i perioden:

- Arbeida for systematisk innsamling og bevaring av skeiv historie i Noreg, til dømes i form av ein nasjonal bevaringsplan.
- Oppretthalda og vidareutvikla gode rutinar for innsamling, bevaring, ordning og tilgang.
- Oppretthalda god kontakt med miljøa der relevante arkiv blir skapt. Vera til stades på Pride-arrangement og andre lågterskeltilbod i relevante organisasjonar.
- Vidareutvikla den arkivfaglege kompetansen internt og ha tett kontakt med andre relevante arkivfaglege miljø i inn- og utland.
- Skapa gode faglege rammer for Skeivt arkivs bibliotek som Nordens beste samling av faglitteratur på feltet.
- Laga rutinar for mottak og bevaring av gjenstandar i samlinga.

Livshistorier

Hovudmål er å gjennomføra prosjektet Skeive livsminne 2017-2019 der ei stor mengd intervju som dokumenterer norsk skeiv historie skal gjennomførast:

- Sørgja for fagleg utvikling innan munnleg historie internt. Utveksla erfaringar med andre miljø som arbeider med munnleg historie.
- Evaluera prosjektet Skeive livsminne og vurderer forlenging. Laga ein plan for vidare ivaretaking av livsminneinnsamling ved Skeivt arkiv etter at prosjektet er avslutta.
- Revitalisera arbeidet med Skeive historier.

Tilgjengeleggjering og formidling

Skeivt arkiv har som formål å formidla skeiv historie i Noreg i brei forstand. Skeivt arkiv skal vera ein ressurs og samarbeidspartnar for andre institusjonar innan kultur, kunnskap og undervisning spesielt, og overfor offentlegheita generelt.

- Vidareutvikla Skeivopedia som ein viktig formidlingskanal og fagressurs.
- Evaluera arbeidet med nettsider og sosiale medium.
- Sørgja for god formidling av Skeivt arkiv i inn- og utland.
- Vidareutvikla arbeidet for synleggjering gjennom museumsutstillingar.
- Stimulera til forskning og studentoppgåver på materialet ved Skeivt arkiv og skeiv historie generelt.
- Stimulera til at skeiv historie blir formidla i offentlegheita og vera synlege i media.
- Stimulera til at skeiv historie blir formidla i skuleverket.

Utvikla og konsolidera

Hovudmålet for perioden 2018–2022 er å syta for ei god og solid ramme rundt arkivet som sikrar at dei forventingane som er stilt blir innfridde. For å oppnå dette skal Skeivt arkiv:

- Oppretthalda og vidareutvikla god dialog med sentrale styresmakter og politikarar.
- Synleggjera Skeivt arkiv som ein viktig ressurs for UiB gjennom god kontakt med universitetsleiinga og andre viktige organ (som til dømes Kommunikasjonsavdelinga).
- Synleggjera Skeivt arkiv som ein viktig ressurs for Universitetsbiblioteket i Bergen samtidig som det har status som ei eiga eining innanfor UBs organisasjon.
- Arbeida for at Skeivt arkiv blir synleggjort godt fysisk gjennom føremålstenlege lokale.